



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 05.12.2019  
Vår ref.: 2019/19509-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.: 19/2249 - 19/16965

Att. Andreas Granli

## Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - Hole - gnr. 90, bnr. 3 og 4 - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 25.11.2019 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern.

I forbindelse med tidlegare søkte landbruksveg i området, gjennomførte arkeologar ved Hordaland fylkeskommune ei kulturhistorisk synfaring, 21.03.19. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne og potensialet vart vurdert til å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet sokjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.